

Plan, byggesak og tekniske tjenester
 Dovre kommune
 Kongsvegen 4
 2662 Dovre

23.01.2026

Kopi: Berørte naboar, grunneigarar og offentlege instansar

Vår ref 250187

Deres ref xxxxxxx


Varsel om planendring, mindre endring av reguleringsplan Områdeplan Dombås vest (plan-ID 05110061), etter Pbl. § 12 – 14.

I medhald av plan- og bygningslova § 12-14 andre ledd vert det med dette varsla mindre endring av reguleringsplan for Dombås vest (plan-ID 05110061). Endringa vert fremja på vegne av Dovre kommune, og har bakgrunn i politisk vedteke og finansiert tiltak for å betre forholda for ferdsel til fots og på sykkel i Dombås sentrum.

Endringa medfører ei utviding av planområde for Dombås vest (plan-ID 05110061), og tilsvarende erstatning av areal innanfor naboplan; reguleringsplan for E6 og fv. 490: Kollektiv-, miljø- og fotgjengertiltak med fortau langs fv. 490 i Dombås. Endringa har som hensikt å justere regulert trase for gang- og sykkelveg. Utvidinga omfattar eit mindre areal på 146 m².


Endringa er vurdert til å:

- i lita grad påverke gjennomføring av gjeldande plan,
- ikkje gå utover hovudrammene i planen, og
- ikkje berøre viktige natur- og friluftsområde.



Figur 1 Tiltaksområdet er markert med raudt symbol, aust for Dombås kyrkje

Endringa vert likevel varsla og kunngjort på same måte som ved ordinær planprosess, for å sikre god informasjon og medverknad. Plandokumenta vert endra etter merknadsfrist er utgått.



Kort om planlagt endring:

Dovre kommune skal etablere ein samanhengande gang- og sykkelveg mellom Circle K i sør og Minneparken i nord, over området aust for Dombås kyrkje.

Tiltaket inngår i kommunens målretta arbeid for tryggare ferdsel i sentrum, med særleg vekt på barn på skuleveg, fotgjengarar og syklistar i eit område med høg aktivitet og dels komplekse trafikale forhold.


Ny trase for gang- og sykkelvegen er i hovudsak planlagt på eigedomane gnr./bnr. 7/76, 7/77, 7/63 og langs Kyrkjevegen/Gudbrandsdalsvegen frå E6 mot kyrkja, men vil også påverke mindre delar av gnr./bnr. 7/249 (Minneparken), eigedom til Circle K (gnr./bnr. 7/64) og Statens vegvesen sin eigedom (gnr./bnr. 89/34). Hovuddelen av areala er kommunalt eigde.



Figur 2 Illustrasjonen syner planlagt trase for gangveg samt berørte eigedomar. Sjå figur 3 for regulert trase i gjeldande reguleringsplan.

Tiltaket har forankring i både kommunedelplan for Dombås (2009) og områdereguleringsplan for Dombås vest (vedteken 18.06.2012). I gjeldande reguleringsplan er området regulert til trafikkføremål (køyreveg, parkeringsareal, gang- og sykkelveg og kombinert føremål trafikk/teknisk infrastruktur) samt grønstruktur (park). Sjå utklipp i figur 3.

Regulert og gjeldande løysing fører ferdsele over parkeringsareal og gjennom fleire skarpe vinklar. Dette gir ei lite intuitiv ferdselinje, med uheldige kryssingspunkt mellom køyremønster og gåande. Det er vurdert som lite sannsynleg at ferdande til fots og på sykkel vil følgje traseen slik han er regulert, og det er derfor ynskjeleg å legge traseen om.





Figur 3 Utklipp frå gjeldande reguleringsplan for området.


Konkret inneber planendringa ei omlegging av arealformål GS02 samt KGS02 i tråd med illustrasjonen i figur 2. Tilgrensande arealformål vil fylgjeleg også måtte justerast. Løysinga er prosjektert, og det er valt å legge gang- og sykkelvegen langs vegen ned til avkjørsla og deretter opp mot kyrkja. Dette gir ei jamnare linjeføring, betre oversikt og færre konfliktpunkt enn den gjeldande traseen vist i figur 3. Ny løysing gir i tillegg ei meir naturleg ferdselinje for gåande og sykklende.

Tiltaket vil også omfatte justering og tilpassing av avkjørslar, parkeringsareal og trafikkøyer samt etablering av grøntareal og grøfter mellom gangveg og køyreareal, inkludert tilpassingar av og mot eksisterande kantstein, murar og teknisk infrastruktur inne på parkeringsområdet.


I forbindelse med prosjektering av tiltaket vart det avdekka behov for å utvide planområdet, i og med at forslag til ny trase for gang- og sykkelvegen dels ligg utanfor gjeldande plangrense. For å sikre samsvar mellom politiske vedtak, prosjektert løysing og plankart, er det difor behov for ei mindre utviding av planområdet. Endringane er avgrensa til naudsynt areal for gjennomføring av gang- og sykkelvegen, og inneber ikkje nye arealformål eller utvida utbyggingsmoglegheiter.



Figur 4 Gjeldende plangrense for plan_ID 05110061 og plan-ID 05110079 vist med svart stipla linje. Kartutklippet viser både eksisterende gang- og sykkeveg slik den er regulert og forslag til ny løysing.




Figur 5 Forslag til utvida planområde synt med blå linje.



Sporingsanalyser av ny løysing


For å sikre at løysinga fungerer i praksis, er det gjennomført sporingsanalysar for ulike køyretøytypar. Dei ulike diagramma under viser korleis større køyretøy, som lastebil og vogntog, kan manøvrere i området utan konflikt med gang- og sykkelvegen eller tilgrensande areal.



Figur 6 Sporingskurver mot nord og sør for lastebil (L)



Figur 7 Sporingskurver mot nord og sør for Vogntog med last (VT)



Avslutningsvis

Bakgrunnen for at saka vert fremja som mindre reguleringsendring, og ikkje som dispensasjon, er at tiltaket er politisk handsama, og prioritert som del av kommunens arbeid med meir oversiktlege og trygge ferdselsforhold i sentrum. Kommunen sin eigenandel er førebels finansiert, og det er søkt om trafikksikringsmidlar frå Innlandet fylkeskommune og Statens vegvesen. Ei reguleringsendring gjev ei ryddig og føreseieleg planavklaring i eit sentralt byrom, og sikrar direkte samsvar mellom plankartet samsvarar og løysinga som faktisk vert bygd.

Den føreslåtte endringa inneber ikkje endring av hovudføremål, overordna struktur eller arealbruk i planen. Endringa avgrensar seg til det som er naudsynt for å fange opp gang- og sykkelvegen slik han er prosjektert, og for å sikre formell og langsiktig forankring av tiltaket.

Endringa vert vurdert å vere i tråd med plan- og bygningslova § 12-14, då ho i liten grad påverkar gjennomføringa av planen for øvrig, ikkje går utover hovuddrammene i planen og heller ikkje rører ved viktige natur- eller friluftsinnteresser. Tiltaket vil ha klare positive verknader for ferdsel til fots og på sykkel, særleg for barn og unge i skulekvardagen.

Dette varselet vert sendt berørte naboar, grunneigarar og offentlege instansar. Etter varslingsperioden vil innkomne merknader bli samanstilte og vurderte som grunnlag for vidare handsaming av reguleringsendringa. Etter forenkla prosess. Oppdaterte plandokument vert sendt på avgrensa høyring til relevante høyringsinstansar og naboar, gitt at det ikkje kjem inn merknadar som tilseier at det vert behov for full planprosess.

Merknader til søknad om endring av reguleringsplan sendes innan 28.02.2026 til:

msb@nordplan.no

Send også kopi til postmottak@dovre.kommune.no, evt i brev til Dovre kommune.

Med vennlig hilsen
for Nordplan AS

Martin Sørland Barlla
Arealplanleggar

Martin S Barlla

Vedlegg:

1. 250187_RPgrense_Utviding.sos
2. 250187_Dombås Vest_Utviding.sos
3. 250187_C001_gangveg
4. 250187_Sporingskurve